

## Referat

**Formål:** Møte i Helseutvalet  
**Møte:** 3-2015  
**Møtetid:** 4.september 2015, kl. 9 - 12  
**Stad:** Møterom Regionrådet  
**Til stades:** Jon Askeland, Karstein Totland, Nils Marton Aadland, Odd Ivar Øvregård, Astrid Aarhus Byrknes, Øivind Olsnes, Tord Moltumyr og Anne Hildegunn Færøy.  
 Til stades i sak 21/15; Ørjan Raknes Forthun, Rune Heradstveit  
 Til stades i sak 21/15, 22/15 OG 23/15; Roar Hansen

Saksnr	Saker	Orientering Vedtak Drøfting
18/15	<u>Saksliste og innkalling</u> Godkjent utan merknader	V
19/15	<u>Referat frå utvalsmøte 10.april 2015</u> Godkjent utan merknader	V
20/15	<p><u>Kreftkoordinator i Nordhordland</u>  <i>Kreftforeningen</i> har dei siste åra hatt ei satsing på å støtte og bidra til å finansiera kreftkoordinatorar i meir enn 215 kommunar rundt i landet. Kommunar som er med i ordninga får dekka 75% av lønskostnadene dei tre første åra. Ingen av kommunane i Nordhordland deltek på denne ordninga.</p> <p>Styret i <i>Kreftforeningen</i> har no løyvd ekstra midlar som skal brukast til å invitere med utvalde kommunar til å søkje om å bli med i ordninga. Lindås kommune har mottatt brev om dette, og kommunen er oppmoda om å søkja midlar til ein kommunal eller interkommunal kreftkoordinator i regionen.</p> <p>Geir Vangsnes, distriktssjef i <i>Kreftforeningen</i> orienterte om satsinga på kommunale kreftkoordinatorer og korleis dei kan bidra økonomisk til etablering av ei slik kreftkoordinatorstilling i Nordhordland. (Presentasjon om ordninga er vedlagt).</p> <p>Helseutvalet takkar for orienteringa og er positiv til å vurdera eit interkommunalt samarbeid for å få på plass ein kreftkoordinator i Nordhordland.</p> <p>Det vert mellom anna vist til at dette må sjåast i samanheng med arbeidet som blir gjort i samband med etableringa av Helsehuset, men at det også må sjåast i samanheng med pågåande satsing på kreftomsorg i kommunane.</p> <p>Dersom kommunane ønskjer å samarbeide for å ha ein felles kreftkoordinator må nivå, driftsmodell og ressursbehov vurderast nærare, og det må vurderast om dette er ei sak som må til politisk handsaming før ein kan søkja. Det er semje om at Regionrådet må bli orientert om saka, og at Helseutvalet vil be dei drøfte vidare arbeid med dette.</p> <p><u>Konklusjon:</u>            Helseutvalet takkar for orienteringa og vil legge saka fram for Regionrådet for å vurdera eit samarbeid med <i>Kreftforeningen</i> for å etablere ordning med kreftkoordinator i Nordhordland.</p>	O

21/15	<p><u>Helsehuset</u>  Tema: Helse i fellesskap  Ørjan Raknes Forthun, rådmann i Lindås og leiar i styringsgruppa for Helsehuset orienterte om at arbeidet med Helsehuset er delt i to prosjekt; eit for byggeprosjektet, RNHI og eit tenesteutviklingsprosjekt, NUI, som mellom anna har i oppdrag å koordinerer arealbestilling og samhandlinga mellom dei som er i huset og med dei andre kommunane i regionen.  Ei viktig oppgåve er å vurdere korleis vi kan hente ut dei faglege synergiane som kommunar og helseføretak har forventningar til, og skape dette til ein felles arena for heile regionen og ikkje berre for dei som fysisk er lokalisert i bygget.  Spørsmål om etablering av eit <i>Kunnskapssenter</i> står sentralt. Dette er visjonære tankar, og det må takast stilling til om ein skal setje av areal for å legge betre til rette for å utveksle kunnskap.</p> <p>Prosjektet er inne i ein krevjande fase med mange involverte aktørar som bør «gå i takt». Internt prosjekt i Lindås er godt i gang, HB har starta intern prosess. Arkitektane har presentert skisser som viser klart at vi må ha med dei som skal inn i huset for å få til ei utforming som gjer at vi når målet og visjonane med Helsehuset. Det er viktig å få til gode brukarprosessar for å lukkast med dette. Samarbeidet mellom tenesteutviklingsprosjektet, byggeprosjektet og arkitektar er viktig.</p> <p>Ørjan viste vidare til at samarbeidet med alle kommunane i regionen er avgjerande for å lukkast med dette prosjektet – ein av nøkkelfaktorane er det vi klarar å få til når det gjeld samarbeid mellom dei som er i Helsehuset og dei andre kommunane i regionen.</p> <p>Helseutvalet takkar for orienteringa og ber å bli halden oppdatert om status i vidare arbeid med Helsehuset.</p>	O/D
22/15	<p><u>Primærhelsemeldinga(St.mld 26(2014-2015))</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Er kommunane og regionen på rett veg?</li> <li>- <a href="https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-26-2014-2015/id2409890/?ch=1">https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-26-2014-2015/id2409890/?ch=1</a></li> </ul> <p>Roar Hansen, prosjektleiar for tenesteutviklingsprosjektet i NUI gav ei kort orientering om kva meldinga formidlar og kva føringar den legg for framtidig helse og omsorgsteneste i kommunane. På fleire tenesteområde, særleg innan områda psykisk helse, rus, pasientopplæring og rehabilitering er det forventa at kommunane i åra framover skal ha eit større ansvar. Meldinga er å sjå som ein retningsvisar og peikar m.a på kva utfordringar kommunane står ovanfor, kva det er lurt å samarbeid om og korleis.</p> <p>Prosjektleiar stilte to spørsmål som utvalet drøfta;  Kva status har Primærhelsemeldinga i kommunane i Nordhordland?  Er Helsehuset ein utviklingsarena for desse føringane, eller skjer dette primært innanfor den enkelte kommunale driftsline?</p> <p>Helseutvalet takka for orienteringa og leiar viser til at det er viktig å rette fokus på meldinga og kva føringar den legg for kommunane sjølv om den ikkje er handsama i Stortinget enda. Det er nyttig at signal om overordna føringar blir fanga opp og at det vert sett i samanheng med det utviklingsarbeidet som pågår i regionen.</p>	O/D

23/15	<p><u>Private avtalespesialistar i Helsehuset</u>  Anne Hildegunn Færøy orienterte om status for arbeidet med å rekruttere legespesialistar til å etablere seg i Helsehuset.  Med bakgrunn i tidlegare vurderingar, møte med Helse Vest RHF, Helse Bergen HF(HB) og Haraldsplass Diakonale Sykehus (HDS), realisering av Helsehuset og møte med legespesialistar ved Spesialistsenteret på Straume er det behov for å vurdere vidare prosess for å rekruttera/få legespesialistar til å lokalisera seg i Nordhordland. Vidare arbeid bør vere retta utvikling av Helsehuset og arbeidet med å samlokalisera ulike spesialisttenester, innhenta grunnlagsdata og analysere behov for ulike spesialiteter. Det er viktig å samarbeide med HB og HDS og utfordre lokalt helseføretak til å vurdere kva rolle dei skal og om det er mulig å få til ei ordning der sjukehusa vurderer ei meir desentralisert lokalisering av polikliniske tenester i Helsehuset.</p> <p><u>Konklusjon:</u>  Helseutvalet takkar for gjennomgangen og støttar at første steg i vidare prosess er å vurdere og avklare mulige løysningar saman med HB og HDS, og at ein etter dette vurdere vidare prosess med Helse Vest RHF.</p>	D/V
24/15	<p><u>Orientering frå andre utval</u>  - Ingen saker meldt</p>	O
25/15	<p><u>Eventuelt</u>  Sak til orientering:  Styret i Helse Bergen HF skal ha sitt 30.oktober 2015 i Nordhordland. I samband med dette ønskjer dei å bli betre kjent med vår region og å få vite meir om kommunesamarbeid og arbeidet med Helsehuset.  Det er eit ønskje at nokon i Helseutvalet deltar på møtet.</p>	O